




Nyhendebrev nr. 38, 2. november 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Eksamensløft: Gratis frukost, kveldsmat, yoga, kino - og meir

Komande veke byr velferdsgruppa på Høgskulen på Eksamensboost for studentar. Dei byr på: Gratis frukost heile veka, gratis kveldsmat måndag til torsdag. Måndag er det studentkino på Volda Filmteater med Filmen «Amsterdam». Tysdag: Eksamensyoga Onsdag og torsdag: Mindfulness. I tillegg til mange forskjellige aktivitetar i biblioteket og læringsverkstaden heile veka.

[LES MEIR](#)

Nyskriven hylling til Kaarstad

[Kaarstad-feiringa og jubileumskonserten 16.11.](#) nærmar seg. Blant anna skal det framførast ein jubileumskantate som også vart framført ved opninga i 1922. Og [professor/forfattar Jan Inge Sørbø](#) har skrive eit heilt nytt vers som [vil bli framført på jubileumskonserten:](#)

Tusen ansikt i ein hage
Det er Kårstads fagre frukt
//: Tusen varme lærarhender
Som til skuleborn seg vender
Og vil peika ut ein veg
I ei framtid steg for steg. ://
Volda, Volda,
Frå din vakre hage.

[LES MEIR](#)

Styre og stell

Møte i Høgskulestyret i dag, torsdag 3. november

Høgskulestyret har møte i dag 3. november. Dette er eit vanleg styremøte med [ei brei sakliste](#). Blant sakene på dagsorden er framlegg om utlysing av tre dekanstillingar, orienteringar om statsbudsjettet, rektorvalet og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet. [Her kan du lese rektor si orientering til høgskulestyret. Styremøtet kan følgjast på video.](#)

Studium og studentliv

No kan du søke studieplass våren 2023

Høgskulen i Volda har 50 studietilbod som tek til i januar 2023, og det har vorte mogleg å søke på dei frå 1. november. [Les meir om studietilboda på nettsidene våre.](#)

Prisdryss til neverande og tidlegare voldastudentar på animasjonsfestivalen i Fredrikstad

Heile 5 neverande og tidlegare voldastudentar fekk priser for sine filmar då Animasjonsfestivalen vart arrangert i Fredrikstad 20.-23. oktober 2022. [Les meir på nettsidene våre.](#) Her er meir informasjon om [bachelor i animasjon ved Høgskulen i Volda.](#)

Mediebransjen besøkte medieutdanningane

Eit knippe representantar frå mediebransjen har vore på besøk på Avdeling for mediefag for å presentere seg sjølve, snakke om praksis og å møte framtidige praksisstudentar og kanskje tilsette. I alt var det 12 bedrifter som kom til Volda, dei fleste frå Oslo, men også Bergen og Sunnmøre.

Arrangementet var ein del av [POE-prosjektet \(Praksis, Oppdrag Entreprenørskap\)](#) som AMF og AKF gjennomfører i lag. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Mange PPU-kandidatar frå Høgskulen i Volda

[Nettavisa K chrono har presentert eit oversyn](#) over kor mange som fullfører PPU (Praktisk Pedagogisk Utdanning) ved norske høgskular og universitet, samanlikna med forventa tal på kandidatar (måltal). Oversynet viser at Høgskulen i Volda i 2021 var ein av berre fem institusjonar som uteksaminerte fleire kandidatar enn forventa. Dei 13 andre institusjonane uteksaminerte til dels svært mange færre enn forventa. Tala for Volda var 80 kandidatar, med eit måltal på 72. Til saman vart det i Noreg i 2021 uteksaminert 1.770 PPU kandidatar, som var 605 færre enn samla måltal. Høgskulen i Volda har to ulike PPU-tilbod: [PPU Allmennfag](#) og [PPU-Y for yrkesfag](#). Hausten 2023 planlegg høgskulen å tilby [PPU også i Kristiansund](#).



Slagordet for 2023: "Berre i Volda"

Kontor for kommunikasjon har begynt å få inn materiell som skal brukast i marknadsføringa av Høgskulen i Volda overfor nye studentar våren 2023. Og eitt av slagorda er: "Berre i Volda". Her er nokre av rull-opp-plakatane på prøvetur i gangen i 3. etasje i Berte Kanutte-huset. Til høge:

Kommunikasjonssjef Line Lauvsnes Oddekalv og Torill Engeset, rådgivar på kontor for kommunikasjon.

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Chili sin carne

Tysdag: Kyllinglår med paprikasaus og heimelaga potetmos

Onsdag: Pasta bolognese med brød

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Pris: 14,90 per.hg

Fag og forsking

Høgskulen har søkt om akkreditering av ph.d.-program: "Utdanning, språk og kultur"

På omframt styremøte 24. oktober vedtok høgskulestyret samråystes å søke om akkreditering av ny doktorgrad med tittelen: Utdanning, språk og kultur. Fristen for å sende søknad om akkreditering er 1. november kvart år, og søknaden vart sendt NOKUT innan fristen tysdag. I alt var søknaden på ca. 360 sider, der CV-ar og publikasjonslister til forskarane tilknytte programmet utgjorde litt over halvparten av sidene. Sjølvve søknaden var på 48 sider og studie-, emneplanar og pensumlister utgjorde 36 sider.

Kvar skal eg publisere? Framlegg til nye tidsskrift må meldast innan 30. november

For rapporteringsåret 2022 er det sett frist til 30. november 2022 for å melde inn forslag til nye vitskaplege kanalar (tidsskrift, seriar, forlag). Dette gjeld publiseringaskanalar på nivå 1. Om du er i tvil om eit tidsskrift eller forlag er godkjent som vitskapleg kanal, kan du [sjølv finne det ut her](#). Ta gjerne kontakt med [rådgjevar Bente Gunn Lien](#), biblioteket, om du har spørsmål til dette.

Såkornmidlar for 2023 - søknadsfrist 10. november

Forskningsutvalet lyser no ut såkornmidlar for 2023, og fagleg tilsette vert med dette inviterte til å søke. Midlane må nyttast i 2023. Vi tek etterhald om at midlar vert løyvd av Høgskulestyret.

Såkornmidlane skal bidra til å auke forskningsaktiviteten ved HVO. Søknadar om støtte til å utarbeide søknadar til Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond eller Horisont Europa vert prioriterte.

Utfyllande informasjon om ordninga og søknadsskjema kan du finne på [denne nettsida](#).

Søknadsfristen er 10. november 2022. Forskningsutvalet vil i møte 24. november kome med innstilling til tildeling av midlar. Tildelinga er avhengig av endeleg budsjettvedtak i høgskulestyret i desember.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



Nytt gatenemn på Høgskulen: "Paul Bjerkes plass"

Det har kome opp eit nytt vegskilt på høgskuleområdet. Eit velforma vegskilt prydar ytterveggen av Sivert Aarflot-huset mot Berte Kanutte-huset, og skiltet seier at no er dette Paul Bjerkes plass. Det er uvisst kven som har hengt opp skiltet, som altså er ei lita privat helsing til professor emeritus Bjerke. Høgskulen har for fleire månader sidan bede Volda kommune starte på arbeid med å endre namnet på Joplassvegen til Ivar Aasens veg, men kommunen har førebels ikkje svara på førespurnaden.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Høydalsvik og Leer-Salvesen har publisert i antologi om barnehagelærarutdanning

[Førsteamanuensis Torhild Høydalsvik](#) og [høgskulelektor Hilde Gry Leer-Salvesen](#), begge AHL, har publisert artikkelen "Overgangsutfordringar for studentar i første semester av barnehagelærarutdanninga" i artikkelsamlinga "[Barnehagelærarutdanning i endring : Å forske på egen undervisningspraksis i høyere utdanning](#)" som har kome ut på Universitetsforlaget. Redaktørar for boka er Anna R. Moxnes, Terese Wilhelmsen, Steinar Øvreås, Marianne Olsen Santana og Teresa K. Aslanian. Bidragsytarane i antologien kjem frå USN, UiA, UiS, DMMH, UiT, OsloMet og HiØ. Det vert boklansering på fagkonferanse torsdag 10. 11. i Drammen. Der skal Høydalsvik og Leer-Salvesen også bidra med innlegget "Self Study Research Design som tilnærningsmåte?"

Ny lærebok: Nynorskdidaktikk

Fagmiljøet ved Institutt for språk og litteratur, AHL, har nettopp kome med læreboka «Nynorskdidaktikk», på Samlaget, naturlegvis. [Du finn omtale av boka her](#). Hovudforfattarar er [førsteamanuensis Hjalmar Eiksund](#), [førsteamanuensis Gudrun Kløve Juuhl](#) og [førsteamanuensis Kristin Sjøhelle](#). I tillegg har [førsteamanuensis Pernille Fiskerstrand](#), AHL, og [professor Jan Inge Sørbø](#), ASH, skrive kvar sine kapittel. Boka er skriven av og for lærarutdanningane ved HVO, men boka har alt no også kome på pensum ved fleire andre utdanningsinstitusjonar i Noreg.

Fleire bidrag frå Høgskulen i Volda på "Norsk barnehageforskingskonferanse 2022"

Forskarar frå Høgskulen i Volda, AHL, har delteke på konferansen [Norsk barnehageforskingskonferanse 2022](#), som vart arrangert av BARNKUNNE og FILIORUM senter for

barnehageforskning 26.-28.oktober i Bergen. Hovudtemaet for konferansen var «Ledelse i en barnehagekontekst». Her er innlegga (papira) frå forskarar ved Høgskulen i Volda:

- [Førstelektor Kari Ryslett](#): «Korleis vert samisk kultur formidla i barnehagen?»,
- [Høgskulelektor Hege Holmqvist Synnes](#) og [førsteamanuensis Liv Ingrid Aske Håberg](#): «Personalets rolle i barns fantasilek i lys av Vygotskys «lånte erfaringar»» og «Drama meir enn rollelek og julespill».
- [Høgskulelektor Berit Huse](#): «Pedagogisk leiarskap i overgangsprosessen».

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Studiedirektør - søknadsfrist 14.11.2022 \(Forlenga frist\)](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

- 3.11.2022: [Høgskulestyret](#)
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
16.11.2022: [100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset](#)
18.11.2022: ASH Avdelingsseminar
23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forsking på HVO](#)
24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)
9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik
15.12.2022: AKF Juleavslutning
16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

16.-17.3.2023: Avdelingsseminar ASH

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

2.11.2022: [Orientering til høgskulestyret, styremøte 3.11.2022](#)

13.10.2022: [Kor mange studentar er det på Høgskulen i Volda?](#) (oppdatert 25.10.)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorskenterets blogg.](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)

E-post: [postmottak@hivolda.no](#)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)